

Arkiv: <arkivID><jplID> FA-U62
JournalpostID:
Saksbehandlar:
Dato: 17.07.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
031/20	Utval for helse og omsorg	01.09.2020

Søknad om salsløyve for alkoholhaldig drikk i gruppe1 - Lokalbrygg AS

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«I medhald av Alkohollova og Alver kommune sin alkoholpolitiske plan får Lokalbrygg AS org.nr 924455500 , Karl Staaffs vei 76, 0665 Oslo salsløyve til netthandel for alkoholhaldig drikk gruppe 1 med utlevering via Posten Norge.

Eirik Petter Tomter er styrar for salsløyve og Pia Rødsten Dahlstrøm er avløyser for styrar.

Tidsrom for utlevering:

Måndag-fredag kl. 09.00 - kl. 18.00 Laurdag kl.10.00 - kl. 15.00

Løyve vert gitt fram til 30.09.2024.

Løyvehavar pliktar å sende til Alver kommune oppgåve over faktisk utlevert mengd alkohol innan 01. mars kvart år.

Løyvehavar har sjølv ansvar for til ei kvar tid å leggje fram opplysningar for kommunen som kan ha konsekvensar for dei vilkår som er sett i løyve.

Klageadgang: Klagefrist er 3 veker etter mottatt melding om vedtak, jfr. Forvaltningsloven § 29. Klageinstans er Fylkesmannen i Vestland. Klage skal sendast til Alver kommune.

Utval for helse og omsorg 01.09.2020:

Behandling:

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

HO- 031/20 Vedtak:

«I medhald av Alkohollova og Alver kommune sin alkoholpolitiske plan får Lokalbrygg AS org.nr 924455500 , Karl Staaffs vei 76, 0665 Oslo salsløyve til netthandel for alkoholhaldig drikk gruppe 1 med utlevering via Posten Norge.

Eirik Petter Tomter er styrar for salsløyve og Pia Rødsten Dahlstrøm er avløyser for styrar.

Tidsrom for utlevering:

Måndag-fredag kl. 09.00 - kl. 18.00 Laurdag kl.10.00 - kl. 15.00

Løyve vert gitt fram til 30.09.2024.

Løyvehavar pliktar å sende til Alver kommune oppgåve over faktisk utlevert mengd alkohol innan 01. mars kvart år.

Løyvehavar har sjølv ansvar for til ei kvar tid å leggje fram opplysningar for kommunen som kan ha konsekvensar for dei vilkår som er sett i løyve.

Klageadgang: Klagefrist er 3 veker etter mottatt melding om vedtak, jfr. Forvaltningsloven § 29. Klageinstans er Fylkesmannen i Vestland. Klage skal sendast til Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Utval for helse og omsorg

Bakgrunn

Lokalbrygg AS vart oppretta 05.01.20 av Erik Petter Tomter som er administrerande direktør og styrar i selskapet. Føremålet er «å selge varer og tjenester innen drikkevarer og annet som naturleg sammenfaller med dette samt deltakelse i andre selskaper, investeringer og nærliggende virksomhet.»

Lokalbrygg.no er eit konsept som vil gje tilbod på lokale drikkevarer på nett til kjøparar i Noreg. Det vil gjelde produkt som inneheld inntil 4,7 volumprosent alkohol som øl, cider, ingefærøl og andre drikkevarer. Konseptet er basert på å tilby eit større utval av drikkevarer som ein ellers ikkje får kjøpt i fysiske butikkar og gje lokale produsentar ein ny distibusjonskanal.

Konseptet vil, iflg søknaden, fungera på lik linje med tradisjonell netthandel der kunden bestiller varer direkte på Lokalbrygg AS sine nettsider. Konseptet sitt innhald og bestillingsrutine følgjer som vedlegg 1

Eirik Petter Tomter er styrar for salsløyvet og Pia Rødsten Dahlstrøm er vikar for styrar.

Søknaden gjeld sal av alkohol over internett med levering av posten. Dei vil vil kun selje alkohol for utlevering via postkontor eller post i butikk ved bruk av Posten Norge. Søkjar har levert kopi av posten sine retningslinjer for utlevering av alkohol - Vedlegg 2.

Saksopplysninger:

Alkohollova opnar for at det kan gjevast løyve til nettsal for alkoholhaldig drikk gruppe 1.

Løyvet må vera knytt til eit bestemt lokale og ein bestemt type virksomhet. Ved nettsal må virksomheita ha løyve i alle dei kommunane alkoholholdig drikk skal utleverast til.

Utfordringa ved denne salsforma er kontroll ved utlevering av varene. Dette gjeld særleg sal og utlevering alkoholhaldig drikk i høve alderskrav, salstider og forbodet mot sal/utlevering av alkoholhaldig drikk til synleg rusa personar.

Salstidene er fastsett i lov og forskrifter og gjeld anten det vert kjøpt over disk, bestilt på nett, eller vert køyrt til kunden på grunnlag av anna avtale. Det er høve til å bestille varer heile døgnet, men utleveringa skjer innafor godkjente salstidene.

Posten sin standartteneste skal dekkje alle krav til utlevering av alkoholhaldige varer. Denne tenesta vert nytta av AS Vinmonopolet.

Kontroll av kommunens egne kontrollørar kan gjennomførast ved bestilling av varer til ei adresse for så å kontrollere at salet vert gjennomført på rett vis.

Det er likevel løyveharar og styrar som har det fulle og heile ansvaret for at alkoholvarene blir utleverte innafor lov og forskrifter som gjeld for sal av alkoholhaldige drikkar.

Løyveharar har også ansvar for at reklamforbodet vert halde. Dei presiserer at deira konsept kun vil vere aktuelt for kundar som aktivt søker og finn fram til nettsida deira, og meiner at slike kundar er ute etter kvalitet på varene, ikkje kvantitet.

Søknaden har vore til uttale hjå politiet og kvernaren –utan merknad

Styrar for Eirik Petter Tomter og avløyser for styrar Pia Rødsten Dahlstrøm har bestått kunnskapsprøven samsvar med Alkoholova §1-7 c

Søknaden vert tilrådd innvilga.

Vedlegg i saken:

17.07.2020	Konseptet sitt innhald og bestillingsrutine vedlegg 1	1423673
17.07.2020	Retningsliner for utlevering av alkohol vedlegg 2	1423674